

Skulekvardagen

Eg synest at skulekvardagen er veldig god. Skulen ser ikkje så fin ut men det går jo fint. I friminutta pleier eg og vera med vennene mine og spela på telefonen. Du kjem nok til og få da fint her i Norge.

Skulen er grå og han nokon murstein veggjar her og der. Og der er nokon plasser det er teikningar på veggane. Skulen feirar 40 år i år, så han er veldig gammal. Med lærarane sin plass er det mange som går og leiter etter foreldre eller tanter eller onklane sine på veggen. Kommunen våras gir ikkje så masse pengar til skular, så det kan ta lang tid og pussa opp denne skulen skikkelig. Klasserommet er kvitt med masse vindauger og ei stor tavle. Me sitter på rekka og rad to og to. Eg aller fremst i midten samen med Anette. Oppe i taket er det masse stygge flekkar, det er på grunn av at det var nokon som kasta eit der. Me har fått store hyller i forhold til dei andre klasseromma.

Skule kantina er open kvar dag der du kan kjøpa iste, sjokolade mjølk, rundstykke, appelsin juice og eple juice. Eg pleier ikkje alltid og vera i Kantina. I Kantina er det av og til kafé der dei selg kaker, Pizza og pizzasnurrar. Men vist det er kafé i kantina må du vera kjapp for kakene dei forsvinner fort.

I friminutta har skulen av og til små turnear som i volleyball, kanonball OSV. Det er gøy i friminutta for då kan du bare slappa av og kosa deg. Dei har internett på skulen, men det er veldig dårleg. Som du sikkert har forstått er det lov til og ha med mobilane sine.

Det du kanskje burde veta er at me han ein del lekser som me kan gjera på 2 veker, vist me ikkje klarer og gjera dei in til 2 veker får me gul lapp. Vist me får 5 gule lappar sender dei melding til foreldra våre. Det vil du vel ikkje?

Me får karakter i nesten alt me gjer. Me har ikkje fått så mange karakterar enno men dei kjem nok snart.

På skulen så har me ikkje skuleuniform, så du kan velga kva kler du vil gå i sjølv.

Eg har det veldig godt på skulen men eg savne barne skulen skikkelig masse. Lærarane på skulen er ganske hyggelege. Dei heiter Elizabeth og Inger Berit. Dei er ganske snille. Men eg savne veldig mykje dei eg hadde på barneskulen.

Her har me noko som heiter valgfag. Eg fekk ikkje det eg hadde valgt men er veldig fornøyd. Eg fekk noko som heiter sal og scene. Der leker me og har det kjekt. Men i går så lagte me gipsmasker, etter me var ferdig såg eg ikkje ut eg var heit kvit i fjeset så eg måtte heim og dusja. I gymen har me noko som heiter konisjons trening og det er kjempe tungt men det går nok bra. Sist gong hadde me om friidrett og det gjekk fint.

Der har eg fortelt litt og skule kvardagen vår. Eg og deg kjem til og få da kjempe kjekt! Lykke til! ☺